

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 03.06.2022
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven og Vidar Vie
SAKA GJELD: **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/9680

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.06.2022

STYRESAK:
039/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek rapportering om status prosjektportefølje til vitende
2. Styret ber administrerende direktør arbeide vidare med å betre styringa av prosjektporteføljen slik det går fram av saksframlegget.

Oppsummering


Det er stor prosjektaktivitet innan bygg, IKT og organisasjonsutvikling. Koordinering mellom dei mange prosjekta i Pasientens helseteneste, og mellom dei og Nye Førde sjukehus, vert særskilt viktig i tida framover.

Fakta

Helse Førde nyttar ein stad mellom 50 og 100 årsverk til prosjektarbeid i 2022. Dei aller fleste prosjekta er organisert i desse programma:

- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus
- Alle møter
- Heliks
- Libra

Den aller største aktiviteten er knytt til Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus. Figuren under syner framdriftsplan for dei ulike organisasjonsutviklingsprosjekta i Pasientens helseteneste og planlagt ferdigstilling av byggestega i Nye Førde sjukehus.



I tillegg til at dei mange OU-prosjekta, som omfattar det meste av dei somatiske klinikkane, skal tilpasse aktivitetane til Nye Førde sjukehus, så skal dei også koordinere aktivitetar og planar seg i mellom. Manglande koordinering er trekt fram som ein risiko i programmet og det er sett i verk fleire tiltak for å redusere risikoen. Programmet peikar også på at

organisasjonen treng tid til å utvikle og forankre endringar i arbeidsmåtar og å øve på dei før innflytting. Også på det punktet er det planlagt risikoreduserande tiltak.

Parallelt med den store aktiviteten vert det arbeid med å betre porteføljestyringa i helseføretaket. Sjølv om administrerande direktør og leiinga er tett på dei store programma gjennom deltaking i styringsgruppene, så er det også behov for å arbeide med den heilskapelege styringa.

Dei to siste åra har det kome på plass fast månadleg og lik rapportering i dei aller fleste prosjekta, og fast risikovurdering. Gjennom vinteren er det arbeid med å synleggjere framdriftsplanar for alle prosjekt, og det er laga ein metodikk for å lage oversikt som syner konsekvensar av endringane som prosjekta skal føre til.

Kommentarar

Helse Førde har gjennomført to store systeminnføringar det siste året; økonomi og logistikksystem SAP i 2021 og hovudjournalssystemet DIPS Arena i 2022. Det er framleis i gang fleire IKT-prosjekt og til hausten kjem mellom anna prosjektet «Digital internkommunikasjon og samarbeid» som omfattar innføringa av Microsoft 365. I tillegg er det mange andre prosjektrelaterte regionale aktivitetar, for eksempel innan området Strategiske kompetansestyring, som også vil krevje lokale ressursar i åra framover.

Den aller største, og kanskje mest krevjande, prosjektaktiviteten dei neste to åra blir truleg likevel i dei mange organisasjonsutviklingsprosjekta i Pasientens Helseteneste. Det er i gang meir enn 15 prosjekt i programmet og dei omhandlar stort sett all aktivitet innanfor dei somatiske klinikkane i føretaket. Fleire av prosjekta rettar seg inn mot ferdigstillinga av LIVA-bygget om vel to år. Resultatet av eit grundigare risikoarbeid er at programmet no flaggar fleire raude risikoar enn tidlegare. Det gir grunnlag for å sette inn nødvendige tiltak.

Porteføljestyring handlar om å styre prosjekta slik at ressursane til verksemda vert nytta på best mogeleg måte for å nå dei strategiske måla. Styringa utviklar seg gradvis rett veg, men det er framleis forbetningspotensiale. Prosjekta har i vår starta arbeidet med å synleggjere kva kvalitative og kvantitative endringar dei fører til. Tanken er, mellom anna, at det skal vere til hjelp i arbeidet med å lage budsjett og økonomiske langtidsplanar framover.

Konklusjon

Status på rapporteringa frå prosjekta syner gjennomgåande framdrift som planlagt. Det er viktig å lukkast med koordineringa mellom dei mange prosjekta i Pasientens helseteneste, og mellom desse og Nye Førde sjukehus.

Vedlegg: Porteføljerapport vår 2022